

Høyringsvar frå Bjørgvin bispedøme på høringsnotat - trosopplæringsutvalgets rapport "Helhet, integrering og sammenheng i kirkelig undervisning og læring"

Bakgrunn for høringen

I mars 2020 vedtok Kirkerådet å oppnevne et utvalg som skulle evaluere satsingen på trosopplæringen i Den norske kirke. Det ble vedtatt et mandat for utvalget i samme sak. Etter 20 års bredt og systematisk arbeid innen trosopplæring var det behov for en gjennomgang av innhold i og organisering av trosopplæringen i dag og gi anbefalinger om veien videre.

Utvalget overleverte sin rapport "[Helhet, integrering og sammenheng i kirkelig undervisning og læring](#)" til Kirkerådet 4. januar 2022. I rapporten redegjør utvalget for sine vurderinger og anbefalinger for det videre arbeidet med trosopplæring og kirkelig undervisning og læring i Den norske kirke.

Utvalgets hovedanbefaling er at satsingen videreføres på bakgrunn av erfaringene og kompetansen som er opparbeidet gjennom reformen, med noen justeringer.

Om høringen

Kirkerådet vedtok på sitt møte i februar 2022 å sende noen av anbefalingene på høring for å få innspill til arbeidet med revisjon av [Plan for trosopplæring](#) og justering av organisering og rammer.

Rapporten har 52 anbefalinger. Kirkerådet skal følge opp rapporten, og oppfølgingen er gjort rede for i Kirkerådsaken. Et utvalg av rapportens anbefalinger er på høring gjennom dette høringsnotatet, andre anbefalinger utredes videre eller følges opp i Kirkerådets arbeid med kommende Kirkemøtesaker eller oppfølging av allerede vedtatte premisser.

Alle anbefalingene fra utvalget ligger nummerert i dette høringsnotatet slik at høringsinstansene kan lese alle anbefalingene i sammenheng. I tilknytning til spørsmål 6.1. og 14.3 stiller Kirkerådet et tilleggsspørsmål. Anbefaling 17.1. er delt opp i tre underpunkt fordi det ligger flere anliggender i anbefalingen som det vil være hensiktsmessig å få svar på.

Det kommer klart fram i høringsnotatet hvilke av anbefalingene som høringsinstansene bes om å gi hørings svar på. Det er 32 hørings spørsmål. Dette er markert i egen ramme knyttet til de aktuelle anbefalingene. I det elektroniske hørings skjemaet der hørings svarene skal avgis, ligger kun de anbefalingene som høringsinstansene bes om å gi hørings svar på.

Hvert høringspunkt har en henvisning til kapittel og sidetall i rapporten der det er mer utfyllende tekst om vurderingen som ligger til grunn for anbefalingen.

Hørings svarene vil legge grunnlag for arbeidet med revisjon av Plan for trosopplæring og justering av organisatoriske rammer for undervisningsfeltet. Den reviderte planen skal ut på høring før den skal behandles på Kirkemøtet. De organisatoriske rammene må blant annet ses i sammenheng med saken om kirkelig organisering som skal til Kirkemøtet i 2022 og arbeidet med tilskuddsforvaltning i Den norske kirke.

Sammendrag av trosopplæringsutvalgets samlede anbefalinger

Kirkens undervisningsoppdrag er en selvsagt del av kirkens oppgaver.

Undervisningsoppdraget er forankret i Jesu misjonsbefaling, sammen med oppgaver som forkynnelse og dåp.

«Jeg har fått all makt i himmelen og på jorden. Gå derfor og gjør alle folkeslag til disipler: døp dem til Faderens og Sønnens og Den hellige ånds navn og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere. Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.» (Matt 28, 18ff)

I Den norske kirkes dåpsliturgi gis menighet og kirke sammen med foreldre og faddere et ansvar for det dømte barnet og for at det kan leve og vokse i den kristne tro:

«Sammen med vår menighet og hele kirken får dere del i et hellig ansvar: å vise omsorg for barnet, be for det, lære det selv å be og hjelpe det til å bruke Guds ord og delta i den hellige nattverd, så det kan leve og vokse i den kristne tro.»

Kirken har alltid arbeidet med undervisning, læring og veiledning. Undervisning og læringsaktiviteter er både historisk og teologisk en av kirkens viktigste oppdrag.

Undervisningsaspektet er et sentralt element i hele Den norske kirkes virksomhet (i gudstjenesteliv, diakoni, kirkemusikk osv.), men er i tillegg et eget felt der undervisning er det *primære*. Fra 2000 og NOU 2000: 6 har Den norske kirke hatt en unik, offensiv og ambisiøs holdning til og satsing på trosopplæring for aldersgruppa 0–18 år. Det er lagt ned omfattende innsats på alle nivå i Den norske kirke, i organisasjonene og fagmiljøene og i gjennomføring og utvikling av trosopplæringsarbeidet. Utvalgets vurdering er at satsingen har vært vellykket, og vil i særlig grad understreke den kompetansen som er systematisk opparbeidet gjennom en årrekke.

Trosopplæringsutvalget har kalt den foreliggende rapporten «Helhet, integrering og sammenheng i kirkelig undervisning og læring». Trosopplæringsutvalget baserer sine anbefalinger på spørreundersøkelser, på innspill fra enkeltpersoner og sentrale aktører på feltet, på relevant forskning og på grundige drøftinger innad i utvalget. Utvalgets hovedanbefaling er at satsingen videreføres på bakgrunn av erfaringene og kompetansen som er opparbeidet spesielt de senere årene. Samtidig inngår trosopplæringsarbeidet i en lang tradisjon for kirkelig undervisning og læring som arbeidet framover også bør bygge på. Utvalget anbefaler derfor større grad av helhetlig tenkning rundt det pedagogiske arbeidet. Det som i dag omtales som trosopplæring, bør inngå som integrert del i Den norske kirkes helhetlige undervisningsoppdrag. Det er, etter utvalgets vurdering, også behov for i enda større grad å se sammenhenger mellom kirkelig undervisning og kirkens andre hovedoppdrag, slik som for eksempel diakoni, gudstjenesteliv, forkynnelse og kirkemusikk og kultur.

Utvalget vil understreke at det er en indre sammenheng mellom de enkeltanbefalingene som legges fram, og at de samlet sett utgjør en helhet som er ment å videreføre og styrke sammenhengen og helheten i det pedagogiske arbeidet i Den norske kirke.



Anbefalinger og høringspunkt

Bjergvin sine svar er markert med understreking og gul farge og fritekst i kursiv

Tilleggsspørsmål 1 fra Kirkerådet:

Utvalget understreker at det er en indre sammenheng mellom de enkeltanbefalingene som legges fram og at de samlet sett utgjør en helhet som er ment å videreføre og styrke sammenhengen og helheten i det pedagogiske arbeidet i Den norske kirke.

Har høringsinstansen en overordnet kommentar til denne helheten i rapporten?

Vi takkar for rapporten og ser mange gode tankar og innspel i den. Trusopplæringsreforma har heile tida hatt fokus på systematikk og samanheng (altså heilskap), og har nytta store ressursar til utviklingsarbeid og evaluering undervegs. Trusopplæringsreforma er difor i seg sjølv fornyande og i stadig endring mot å lukkast betre.

Vi vil peike på fire risikoar/svakheter ved dette arbeidet:

- I eit slikt arbeid kan ei utgreiing med «utanforblikk» risikere å setje på vent den indre læringa og utviklinga i prosjektet trusopplæring. I staden for å halde fram læringsarbeidet, kan det bli pausa medan ein ventar på rapport, høyring, vedtak og eventuelt nye grunnlagsdokument (ein prosess på fire år eller meir), så ein seier: «Dette kan vi ikkje gjere noko med no, vi må vente for å sjå kva utvalet seier, høyringa seier, kyrkjeråd og kyrkjemøte seier, vidare underutreiingar seier, eventuelt nye grunnlagsdokument seier».*
- Utvalet løfter fram ein del «kampar» frå fortida og forhold seg til narrativer som speglar eit tilbakelagt stadium. Då risikerer ein igjen konflikt heller enn utvikling.*
- Ein risikofaktor er også at ein vil ha eit «utanforblikk», og då ikkje lyttar til dei som har mest kunnskap om arbeidet. Ein oppnår difor fort eit vrengebilete av situasjonen som byggjer på systematisk lytting til kjelder som ikkje har den rette kjennskapen til arbeidet. Det er ein risikosport som har ført til dårlege avgjerder før, og som vil føre til det denne gang også. Slik oppnår ein å påføre påkjenningar til reformarbeidet heller enn hjelp, splitte heller enn samle, og at det «gode» blir det «bestes» fiende.*
- I rapporten er det ein del grunnleggjande tankar som byggjer på kjelder utan god nok kjennskap til arbeidet, og ein kan spore setningar og avsnitt tilbake til synspunkt frå konkrete organisasjonar som har «lobbyert» for sine «politiske» syn (og som byggjer på forelda tenking).*



Det er ein stor fare for at dette utgreiingsarbeidet kan fungere kontraproduktivt, sjølv om det er positivt å setje fokus på trusopplæringa i kyrkja.

Ei organisk/dynamisk tilnærming til læring og utvikling (som reforma så langt har bygt opp til) er å føretrekkje framfor ei meir instrumentell/politisk/stringent (ovafrå) tilnærming.

Utvalet har gjort jobben sin bra ut frå dei rammer og føringar dei hadde, men resultatet og konsekvensane av arbeidet kan risikere å uintendert spenne bein under trusopplæringsreforma.

Dersom fasiten blir at dei øyremarka midlane ikkje lenger er øyremarka (det er allereie stort press på midlane) og at ein skal tone ned folkekyrkjeperspektivet (for alle/breidde) og heller styrkje det indrekyrkjelege (kontinuerlege arbeidet) og slik svekkje systematikk og samanheng – er reforma reversert – sidan føresetnadane for reforma forsvinn.

Omgrepet heilskap (namn på og bruk i rapporten) kan oppfattast polemisk mot det som var (manglande heilskap?) – men det kan tenkjast at ein ikkje ser klart nok heilskapstenkinga i det som var, og er for optimistisk til effekten av rapporten sine eigne forslag (mål om heilskap).

Å sjå ting i samanheng og ha systematikk handlar til dømes om tverrfagleg samarbeid og måten å strukturere arbeidet i stab og kyrkje på, meir enn å putte fleire ting inn i trusopplæringsreforma.

Dersom alt blir misjon (mission) – kva då med misjon?

Dersom alt blir trusopplæring (kyrkjeleg undervisning og læring) – kva blir då trusopplæring? Utfordringa er at satsinga kan smuldre opp og forsvinne i gode hensikter om å sjå heilskapen. Og ein kan då risikere å bomme på trusopplæringsreforma si hensikt (mission) – og slik undergrave den.

Elles er det positivt å sjå ting i samanheng, og å arbeide systematisk med undervisningsfeltet, og ikkje minst arbeide med å sjå teologi og pedagogikk og gudsteneste og pedagogikk i samanheng.

Det er bra at rapporten tar for seg forholdet til kyrkjeåret og gudstenesta. Gudstenesta er ikkje eit undervisningstiltak eller ein arena som skal fyllast med anna innhald. Den skal vere kyrkjelyden si storsamling og kan fungera som lokalkyrkja sitt samlande og heilskapelege «breiddetiltak», men på eigne premisser. I praksis kan gudstenesta og trusopplæring/pedagogikk tidvis interferere, men det blir ikkje alltid vinn-vinn. Difor vil det styrka samhandling og einskapen i kyrkjelyden om ein legg større vekt på den allmenne syklusen i kyrkjelyden sitt liv, kyrkjeårsrytmen. Det vil og kunne styrka den folkekyrkelege



gjenkjenning ved at kjente element frå gudstenestelivet pregar trusopplæringssamlingar.

Likevel må ein kunne utfordra gudstenestetenkinga ut frå trusopplæringa si pedagogiske tenking og spørja: Er gudstenesta bygd opp som «kontinuerleg arbeid» – med nokon få som kjem ofte – eller har ein ei pedagogisk og praktisk breiddetenking slik at familiar med born kjem igjen også når dei ikkje er spesielt invitert?

Del 1 Mål og innhold:

1. Formål og overordnet målsetting

1.1. Den norske kirkes målsetting om bredde, systematikk og sammenheng i det pedagogiske arbeidet bør videreføres.

➤ Kapittel 4.1 side 29

Kryss Enig

Kryss Uenig

2. Teologisk, ekklesiologisk og pedagogisk grunnlagstenkning

2.1. Det bør legges til grunn en helhetlig og vid forståelse av kirkens pedagogiske arbeid. Det som i dag omtales som trosopplæring, bør integreres i Den norske kirkes helhetlige undervisningsarbeid og -felt.

➤ Kapittel 4.2 side 31

Kryss Enig

Kryss Uenig

2.2. Undervisningsfeltet i Den norske kirke bør forankres i en helhetlig og eksplisitt teologisk og pedagogisk grunnlagstenkning som både rommer spesifikke undervisningsaktiviteter og elementer av kirkelig undervisning og læring i andre deler av Den norske kirkes virksomhet.

➤ Kapittel 4.2 side 35

Kryss Enig

Kryss Uenig

3. Benevnelse



3.1. Dagens ordning med trosopplæring bør inngå i en helhet og sammenheng med Den norske kirkes undervisningsfelt og benevnes som «Kirkelig undervisning og læring».

➤ Kapittel 4.3 side 37

Kryss Enig

Kryss Uenig

Hvis uenig:

- **Benevnelsen trosopplæring bør videreføres.**
- Andre forslag med begrunnelse (fritekst)

4. Målgruppe

4.1. Målgruppen for kirkelig undervisning og læring bør omfatte alle døpte og alle interesserte.

➤ Kapittel 4.4 side 39

Kryss Enig

Kryss Uenig

Hvis uenig:

- Andre forslag med begrunnelse (fritekst)

4.2. Målgruppen for kirkelig undervisning og læring bør legge livslang læring til grunn og omfatte både barn, unge og voksne.

➤ Kapittel 4.4 side 39

Kryss Enig

Kryss Uenig

Hvis uenig:

- 0-18 år slik aldersinndelingen er i dag i Plan for trosopplæring.
- Andre forslag med begrunnelse (fritekst)

5. Planverk

5.1. Det bør utarbeides et helhetlig, overordnet planverk for kirkelig undervisning og læring som omfatter en revidert og mer eksplisitt grunnlagstenkning og verdigrunnlag, samt rammeplaner for ulike målgrupper.

➤ Kapittel 4.5 side 40

Kryss Enig

Kryss Uenig

Hvis uenig:

- Plan for trosopplæring fungerer godt slik den er i dag.
- Andre forslag med begrunnelse (fritekst)

5.2. Rammeplanene for de ulike målgruppene bør være på et mer overordnet nivå som dermed gir større lokalt handlingsrom.

➤ Kapittel 4.5 side 40

Kryss Enig

Kryss Uenig

5.3. I det helhetlige, overordnede planverket bør det utarbeides rammeplaner for henholdsvis

- 5.3.1. barn 0–14 år
- 5.3.2. konfirmasjonstiden
- 5.3.3. ungdom 15–19 år
- 5.3.4. voksne

➤ Kapittel 4.5 side 40

Kryss Enig

Kryss Uenig

Hvis Uenig:

- Aldersinndelingen 0-18 fungerer godt slik den er i dag.
- I tillegg til dagens Plan for trosopplæring bør det utarbeides en rammeplan for voksne.
- Plan for konfirmasjonstiden bør tas ut av Plan for trosopplæring og bør være en egen rammeplan.
- Plan for konfirmasjonstiden bør tas ut av Plan for trosopplæring og bør være en egen rammeplan, i tillegg til ny rammeplan for voksne.
- Andre forslag med begrunnelse (fritekst)

5.4. I stedet for kjernetekster bør undervisningsaktiviteter følge kirkeårssyklusen og tar utgangspunkt kirkeårets tekster, tilhørende salmer og andre kirkemusikalske og -kulturelle uttrykk.

➤ Kapittel 4.5 side 43

Kryss Enig

Kryss Uenig

6. Forholdet mellom lokalt handlingsrom og nasjonal styring

6.1. Den sentrale styringen av undervisningsfeltet bør bli mer overordnet, mens det bør gis større handlingsrom på lokalt nivå innenfor det rammeverket som gis.

➤ Kapittel 4.6 side 44

Kryss Enig

Kryss Uenig

Tilleggsspørsmål 2 fra Kirkerådet:



Hvordan bør ordningen for godkjenning av plan for undervisningsfeltet være i fremtiden?

Enten Kryss: Ordningen bør fortsatt være at plan for undervisningsfeltet sendes til godkjenning hos biskop etter vedtak i menighetsrådet.

Begrunn svaret (fritekst):

Det er viktig å ha eit ytre organ (biskop) som kan kvalitetssikre og gi innspel slik at planen kan bli betre og utvikle seg utover det ein har av lokalt kunnskapstilfang. Hensikta er å bringe inn lærdom frå reformarbeidet (i andre kyrkjelydar, regionalt og nasjonalt) og motvirke at ein lokalt går seg fast i vante spor. Målet er alltid at planen skal bli best mogleg ut frå lokale føresetnadar. Godkjenningsordninga er ein måte å sikre læring, systematikk og samanheng i lokal plan og at utviklingsarbeidet som har skjedd over år på alle plan ikkje skal vere til fånyttas.

Eller Kryss Ordningen bør være at plan for undervisningsfeltet ikke sendes til godkjenning hos biskop etter vedtak i menighetsrådet, slik at man følger samme praksis som ved plan for diakoni og plan for kirkemusikk.

Begrunn svaret (fritekst):

6.2. Ressursbanken og mulighetene for og tilgang til informasjons- og erfaringsdeling, ressurser og materiell bør videreføres og styrkes.

➤ Kapittel 4.6 side 44

Kryss Enig

Kryss Uenig

6.3. Arbeidet med digitale, pedagogiske ressurser bør styrkes både på lokalt og sentralt nivå og må ses i sammenheng med Den norske kirkes digitale satsing.

➤ Kapittel 4.6 side 44

Kryss Enig

Kryss Uenig

7. Mangfold og likeverd

7.1. Perspektivene på mangfold og likeverd bør styrkes i den teologiske og pedagogiske grunnlagstenkingen og tydeligere slå fast alles mulighet til å delta.

7.2. Ressursbanken bør gjennomgående tematisere inkludering og universell utforming i undervisningsopplegg og pedagogiske ressurser.

7.3. Inkludering og universell utforming bør være tema i kompetansehevende tiltak.

8. Forholdet mellom «bredde» og «kontinuerlig»



8.1. Målet om kvalitativ og kvantitativ bredde bør opprettholdes. Breddetiltakene er nødvendig for å nå medlemmene i en folkekirke og tiltakene har skapt vekst og utviklet gudstjenestelivet.

➤ Kapittel 4.8 side 46

Kryss Enig

Kryss Uenig

Eventuell kommentar (fritekst)

Dei fleste stader er det god samanheng mellom bredde og kontinuitet, og omgrepa utfyller kvarandre meir enn å konkurrere. Misjons-/dåps-/disippelbefalinga inkluderer alle, og vi bør ikkje ha eit mindre mål enn den. Det er alltid meir behageleg for tilsette å jobbe med dei få – enn dei mange. Å nå dei ein allereie når (kontinuerleg arbeid) kan vere eit altoppslukande og gjevande arbeid – men ein tapar med det hensikta i misjonsbefalinga (og trusopplæringa): Alle (breidda).

8.2. Det som oppleves som et kunstig og organisatorisk skille mellom tidsavgrensede breddetiltak og kontinuerlig arbeid bør bygges ned. Det bør legges en helhetlig forståelse av og målsetting for kirkelig undervisning og læring til grunn, slik at tiltakene utfyller hverandre. Det bør tas nødvendige grep på alle nivå slik at tiltakene kan ses i sammenheng.

➤ Kapittel 4.8 side 46

Kryss Uenig

Kryss Enig

Eventuell kommentar (fritekst)

Sjå også svaret til 8.1 (over), det er viktig å vakte og verje over oppdraget/hensikta. Dei gode intensjonane i dette forslaget har mykje for seg, men står i fare for å undergrave seg sjølv. Det som står her har lenge vore innarbeidd i reforma; ein tenkjer større, ser ting i samanheng (heilskap), og gir ikkje alltid korte og enkle svar. At ein igjen tek opp denne gamle diskusjon kan skape meir splitting enn heilskap. Avsnittet (4.8) inneheld ein god del ting som er grunn til å stille spørsmål med. Framstillinga er tendensiøs, inneheld som heilskap eit lite dekkjande bilete.

9. Trosopplæring i hjemmet

9.1. Både Den norske kirkes grunnlagstenkning og rammeplaner bør eksplisitt omtale og understøtte kirkens undervisning og læring i hjemmet som en naturlig del av undervisningsoppdraget.

➤ Kapittel 4.9 side 49

Kryss Enig

Kryss Uenig



9.2. Det bør utarbeides mer materiell som kan understøtte foreldrenes arbeid med kirkelig undervisning og læring i hjemmet, herunder også digitale ressurser.

➤ Kapittel 4.9 side 49

Kryss Enig

Kryss Uenig

9.3. Oppfølging av faddere bør styrkes, og det må arbeides fram hensiktsmessige system for å få tillatelse til oppfølging av fadderne som tar nødvendige personvern hensyn.

➤ Kapittel 4.9 side 49

Kryss Enig

Kryss Uenig

10. Barnehage/skole-kirkesamarbeid

10.1. Barnehage/skole-kirkesamarbeidet bør utredes nærmere.

11. SFO-satsing

11.1. Det bør satses mer på skolefritidstilbud i regi av Den norske kirke og med utgangspunkt i rammeplan for SFO.

➤ Kapittel 4.11 side 54

Kryss Enig

Kryss Uenig

Eventuell kommentar (fritekst)

Det kan godt lagast modellar for det, men det må vera frivillig. Ein del stader er det strategisk lurt ut frå lokale føresetningar å gjere dette, men der er arbeidet ofte allereie i gang ut frå dei ressursar ein har.

Dette er ressurskrevjande og utan å tilføra meir ressursar fører det å satsa meir på noko til at anna ikkje blir gjort. Igjen er dette ein god intensjon, men det kan føre ulemper med seg om ein ikkje ser samanheng og heilskap i arbeidet.

12. Samiske perspektiver, samisk trosopplæring og døvekirkens trosopplæring

12.1. Samiske perspektiver bør være en del av grunnlagstenkning for kirkelig undervisning og læring.

12.2. Kunnskap om det samiske bør fortsatt være en del av den norskspråklige planen.

12.3. Arbeidet med revidering av rammeplan for samisk kirkelig undervisning og læring bør skje parallelt med de andre rammeplanene.

12.4. Planverkets overordnede del (grunnlagstenkningen) bør foreligge på samiske språk.

12.5. I arbeidet med grunnlagstenkningen for kirkelig undervisning og læring bør døves erfaring som minoritet tas med.



- 12.6. Arbeidet med revidering av rammeplan for kirkelig undervisning og læring for døve bør skje parallelt med de andre rammeplanene.

Eventuelt øvrige kommentarer til del 1

Eventuelle kommentarer til del 1: Mål og innhold

Heile denne delen handlar om ressursar og prioriteringar. Å leggje til noko på eine sida i likninga (eller på balansevekta) fører til feil eller ubalanse. Ting må henge saman. Plan for trusopplæring gjer det i stor grad. Rapporten her kjem med gode forslag, men alt i alt er det ein risiko for prosjektet trusopplæring å fjerne føresetnadane slik ein skisserer. Ved å fjerne dedikasjonen til 0-18 år og å ta vekk ein del av grepa i «Gud gir – vi deler» kan ein fort hamne tilbake til start. Prosjektet å få kyrkja til å henge saman er større enn undervisningsoppdraget, og det er fint at det vert arbeidd med det, men ikkje dersom det går ut over trusopplæringsreforma.

Det er ikkje sikkert ein skal lage rammeplanar for vaksenundervisning i denne samanhengen. Det kan fort føre til ei formatering som ikkje er god eller nyttig lokalt.

Ein del av spørsmåla i denne delen er bygger på føresetnadar som ikkje alle vil gå god for, og difor kan dei vere vanskelege å svare på. Spørsmåla har gode intensjonar, men sidan føresetnadane bak spørsmåla er tidvis sviktande, må ein ofte svare negativt til tilsynelatande positive ting.

Til spørsmål 1.1: Enig. Trusopplæringa er ein suksess på mange måtar, og må førast vidare. Det betyr ikkje at ein er i mål, eller at ein har lukkast med alt, men at ein er på veg mot å bli stadig betre – og å lukkast stadig betre, sjølv om føresetnadane i samfunnet (kyrkja sin posisjon) gjer arbeidet vanskelegare nå enn for nokre år sidan.

Til spørsmål 2.1: Uenig. Tanken er god, men dette vil bli for omfattande og verka bindande på vaksenarbeidet som vert utført av andre enn kyrkjelydspedagogar. Å gjere ein jobb på dei delar av undervisningsoppdraget som fell utanfor ramma for trusopplæringa kan vere bra.

Til spørsmål 2.2: Uenig. Igjen ein god tanke, men det kan vere fare for formatering som ikkje tener fagområdet. Det er fristande å justere seg etter det som er mest populære tankar akkurat nå og dermed låsa fleksibiliteten fast i planverket. Risikoen er at ein snevrar inn og legg avgrensingar heller enn å opne opp gjennom ein slik prosess.



Til spørsmål 3.1: Uenig. Trusopplæring er eit godt innarbeidd namn som er brukt om dette arbeidet også i andre kyrkjesamfunn og innanfor kyrkjelege organisasjonar. Dersom ein fjernar namnet risikerer ein også å fjerne litt av det namnet seier noko om. Det er ikkje andre namn som har utmerka seg som betre så langt. Det er språkleg forskjell på å gå på eit tiltak innan kyrkjeleg undervising og læring, og å ta del i eit trusopplæringstiltak. Det er trusopplæringsreforma det er snakk om, men mot målgruppene er det ulike kyrkjelege aktivitetar ein marknadsfører.

Til spørsmål 4.2: Uenig. Dersom målgruppa vert for stor og vid, risikerer ein å tynne ut innsatsen og slik svekke innsatsen for det som i praksis er hovedmålgruppa, dei som kjem.

Til spørsmål 5.1: Uenig. Det er igjen ein risiko at ved å forsøke å famne all undervising at ein sviktar hensikta til reforma. Plan for trusopplæring står seg, men det kan vere greitt å lage erfaringsdokument som legg til innsikter som er komme i løpet av dei siste ti åra. Å revidere sjølve plandokumentet krev mykje, og vil ikkje nødvendigvis gi tilstrekkeleg effekt. Men det er ikkje noko i vegen for å arbeide vidare med det pedagogiske i kyrkja.

Til spørsmål 5.2: Uenig. Spørsmålet inneheld ein føresetnad om at planen i dag er for detaljert, og at kyrkjelydane blir for detaljstyrt i arbeidet. Det er eit synspunktet som ein ut frå erfaring frå møte med kyrkjelydane i bispedømet ikkje kan seia seg enig i.

Til spørsmål 5.3: Uenig. Tendensen til at ein vil utvida planen er ikkje teneleg. Det er bra med trusopplæring for vaksne, men det er ikkje sikkert den skal formaterast her, og i samanheng med trusopplæringsreforma. Fordelinga i dag er bra, men ikkje perfekt. Det er viktig å systematisere lærdommen frå tiltak for ungdomstida, arbeide vidare med konfirmasjonstida og også for anna undervisingsarbeid.

Vaksenkateketikk er viktig, men det fremmer ein best ved å laga eit breitt utval av opplegg for samlingar og undervising heller enn sentrale planar.

Til spørsmål 5.4: Enig. Det er noko å vinna på å leggja seg nærare opp til kyrkjeåret. Det vil gje meir gjenkjenning og meining for kyrkjeuvante folkekyrkjemedlemmer. Det vil og gjera det lettare å til passa og integrera trusopplæringa i gudstenestepalanane, og dermed fremma tverrfagleg samarbeid mellom prestar og kyrkjelydspedagogar. Og det er lettare med arbeid for familiar og fleire aldersgrupper dersom ein samlast om opplegg ut frå kyrkjeåret og ikkje ut frå alderstilknytte kjernetekstar.

Dette betyr at ein må ta utgangspunkt i kyrkjeåret sin dynamikk meir enn dei konkrete preiketekstane. Ein vil halda fast på at det er ei god målsetting at ein skal bli kjent med eit visst utval av kjernetekstar i trusopplæringa.



Erfaringa er at kjernetekstar fungerer ganske bra, utfordringa kan vere ved enkelte gudstenester, men då må ein snakke saman lokalt og bli einige. Kjernetekstane skal ikkje overstyre tekstrekkene i høve til preika, men kan nyttast i eit anna innslag i gudstenesta – og på den delen av tiltaket som ikkje er på ei gudsteneste. Det som kan vere vanskeleg er dersom kyrkjeåret skal formatere tekstane på tiltaka elles. Det er sjølv sagt naturleg, og blir gjort i dag, å markere dei kristne høgtidene i den grad ein legg tiltak opp til desse. Tekstrekkjer og kyrkjeåret er ein naturleg inspirasjon i arbeidet med tiltaka. Det er lurt å velje ut nokon salmar/songar som ein skal prioritere å lære i løpet av trusopplæringa – dei kan ein gjerne arbeide med utanom gudstenesta, men det er ikkje unaturleg at ein salme (eller to) ved ei gudsteneste knytt til eit trusopplæringstiltak kan komme frå dei forslaga ein har lagt inn ved planlegging av tiltaket i planverktøyet.

Til spørsmål 6.1: Uenig. Her ligg det ei forståing i anbefalinga som er kontroversiell og som me meiner byggjer på feil forståing av dei faktiske forhold. Det er allereie stort lokalt handlingsrom og relativt lite sentralstyring innan trusopplæringa, og det bør halda fram slik som i dag for ikkje å undergrave det ein har lukkast med i reforma.

Til spørsmål 9.1, 9.2, 9.3 : Enig. Trusopplæring i heimen er viktig, men har allereie god fokus og blir arbeidd godt med. Fadderrolla har også potensiale, men bør ikkje berre nyttast «instrumentelt». Fadrane treng også trusopplæring, men utan at det treng skje under trusopplæringsreforma sin paraply.

Til spørsmål 10.1: Det kan vere lurt å ha ein liten gjennomgang av skule/barnehage -kyrkjesamarbeidet – med kunnskapsoppsummering om siste forskning/lovverk/læreplanar, og tips til å lage gode samarbeid.

Hovudutfordringa i del 1 i høyringa er at ein vil så mykje (utvide), og at det nok ikkje er ressursar til det. Ein vil også endre noko som i stor grad fungerer, fordi ein ikkje har forstått at det fungerer. Så er det absolutt sjansar til forbetring i trusopplæringa, men det er ein stadig pågåande prosess av læring og utvikling. Å ta «politiske» grep (med basis i sviktande kunnskap) kan rokke ved det «økosystemet» som finst i dag – og forstyrre balansen og utviklingsprosessen i trusopplæringssystemet.

Del 2 Organisasjonelle rammer:

13. Plan og rapporteringsverktøy

- 13.1. Sammenhengen mellom plan og rapportering bør styrkes, være både kvalitativt og kvantitativt orientert og i større grad ses på som strategiske verktøy for evaluering og utviklingsarbeid.

➤ Kapittel 5.1 side 58



Kryss Enig

Kryss Uenig

Hvis uenig, begrunn svaret (fritekst)

Rapportering på trusopplæringsplanen har lenge vore enkel og grei. Men det kom eit krav om å gjere ting enda enklare. Det har gjort rapporteringa mindre nyttig og interessant. Ein får ikkje lengre fram informasjon om alders- og kjønnsfordeling ved eit tiltak. Dersom ein inviterer fleire kull, til dømes 10-12 åringar kan det vere at det stort sett kjem 10-åringar, og at dei fleste av dei er jenter – men det får ein ikkje fram ved rapporteringa no. Altså har ein tatt bort nyttig og nødvendig rapportering.

I staden har ein utvida rapporteringsarbeidet ved å leggje til rapportering på kontinuerleg arbeid på ein slik måte at det kan skape ein del ekstraarbeid for tilsette og frivillige. Det ein kan oppnå er at einingar slettar kontinuerleg arbeid frå planverket fordi det blir for vanskeleg å få inn informasjonen. Frivillige medarbeidarar blir også pålagt eit ekstra rapporteringsarbeid ved dette, og det kan bli oppfatta som formaterande for det kontinuerlege arbeidet at tilsette skal følgje det opp i større grad enn før, og at frivillige må levere rapport til tilsette.

Årsaka til at ein er ueinig i påstanden i 13.1 er at rapporteringa slik ho var før siste endring var god. Og at informasjonen som kjem fram i dei utplukka sitata i kapittel 5.1 i rapporten ikkje nødvendigvis er representative og er ikkje eit godt grunnlag for konklusjonane.

Det neste krysset (13.2) er naturleg konsekvens av svaret her: Rapporteringa er og var god – men å byggje den ut med å rapportere på kontinuerlege tiltak har gjort den vanskelegare.

13.2. Rapportering på kirkelig undervisning og læring på lokalt plan bør være helhetlig og tverrfaglig.

➤ Kapittel 5.1 side 58

Kryss Enig

Kryss Uenig

13.3. Helhetlig menighetsplan bør gjøres obligatorisk på sikt.

➤ Kapittel 5.1 side 59

Kryss Enig

Kryss Uenig

14. Økonomi og tilskuddsforvaltning

14.1. Økonomien må sikres i fortsettelsen, minst på det nivået det er i dag.



- 14.2. Det er behov for å utrede mulige endringer i kriteriene for fordeling av tilskuddet til fellesrådene, for eksempel med utgangspunkt i tildeling på grunnbeløp eller pr. døpt, samt ett felles fordelingsssystem for kirkelig undervisning og læring der sentralt finansierte kateketstillinger inngår i ordningen.
- 14.3. Ved mindreforbruk av tildelte midler bør det i større grad kunne være mulig å sette av udisponerte midler for større satsinger og mer langsiktighet i arbeidet med kirkelig undervisning og læring.
- Kapittel 5.2 side 60

Kryss Enig

Kryss Uenig

Tilleggsspørsmål 3 fra Kirkerådet:

I dag håndteres mindreforbruk forskjellig i de ulike bispedømmerådene. Hvordan bør det håndteres i fremtiden?

Enten Kryss Praksisen knyttet til mindreforbruk bør være mer enhetlig enn den er i dag.

Eller Kryss Praksisen knyttet til mindreforbruk bør fortsatt være forskjellig fra bispedømmeråd til bispedømmeråd.

- 14.4. Tilskudd til kirkelig undervisning og læring bør ses uavhengig av andre inntektskilder også når det gjelder rapporteringen.
- Kapittel 5.2 side 60

Kryss Enig

Kryss Uenig

- 14.5. Tilskuddet til lokalkirken bør sendes til fellesrådsnivået for hensiktsmessig ressursutnytting.
- Kapittel 5.2 side 60

Kryss Enig

Kryss Uenig

15. Organisering og ledelse

- 15.1. Det bør sikres tilstrekkelige ressurser til fagutvikling for ansatte på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.
- 15.2. Det bør vurderes hvilket nivå som skal utøve den faglige og strategiske ledelsen, om det skal være sokn, fellesråd, prosti eller bispedømme.

16. Stillingstyper, - andel og -benevnelser

- 16.1. Det bør være en stillingsandel på minimum 50 % for å forhindre at det blir for mange små stillinger som arbeider med kirkelig undervisning og læring.

➤ Kapittel 5.4 side 65

Kryss Enig

Kryss Uenig

Eventuell kommentar (fritekst)

Trusopplæring må ha ei form for lokal forankring – ein må få eit minstemål av opplæring utan å måtte reise for langt, difor er det viktig med lokale tilsette. Det gjer at intensjonen om 50% stilling kan gå ut over det «robuste».

Kombinasjonsstilling som 80% lærar og 20% kyrkjelydspedagog kan til dømes ein del stader vere det beste.

- 16.2. Tjenesteordningene, spesielt for kateket og prest, bør gjennomgås og revideres og det bør samtidig ses på samordning på tvers med tanke på kirkelig undervisning og læring.

➤ Kapittel 5.4 side 65

Kryss Enig

Hvis enig, begrunn svaret (fritekst)

Kryss Uenig

- 16.3. Samlebetegnelse for kirkelig undervisning og læring og stillinger i kirkelig undervisning og læring bør være «undervisningstjenesten» og «undervisningsansatte».

17. Kompetansekrav og kompetansebehov

- 17.1.1. Det bør arbeides systematisk for at alle som har undervisningsstilling i Den norske kirke har en minimumskompetanse på 30 studiepoeng pedagogikk og 30 studiepoeng kristendomsfag.

- 17.1.2. I en funksjon som kirkelig undervisningsleder bør kompetansekravet være tilsvarende som kompetansekravene til kateketstilling.

➤ Kapittel 5.5 side 69

Kryss Enig

Kryss Uenig

- 17.1.3. Det bør vurderes å stille krav om praktisk-teologisk (kateketisk) kompetanse på bachelornivå for de som ikke innehar dette.

➤ Kapittel 5.5 side 69

Kryss Enig

Kryss Uenig

Hvis uenig, begrunn svaret (fritekst)

- 17.2. Satsingen på systematiske kompetanseutviklingstiltak og stipendordninger bør fortsette. Disse er viktige for å styrke ansattes mulighet til å heve formell kompetanse.
- 17.3. Det kontinuerlige pedagogiske utviklingsarbeidet i menighetene bør styrkes gjennom systematisk arbeid med profesjonelle læringsmiljø i undervisningstjenesten, også lokalt (fellesråds-/prostinivå) og regionalt (bispedømmenivå).
- 17.4. Arbeidsgiver må sørge for kontinuerlig kompetanseutvikling innenfor ulike relevante fagområder (slik som sosial-, spesial- og allmenn pedagogikk, digital kompetanse, frivillighet) og legge til rette for tverrfaglig samarbeid om kirkelig undervisning og læring.

18. Frivillighet

- 18.1. Kompetansen på frivillighet bør styrkes hos sentrale nøkkelpersoner i menighetenes stab.
- 18.2. Det bør arbeides med å legge til rette for ulike typer frivillighet.
- 18.3. For å nå målene med kirkelig undervisning og læring bør det arbeides mer med strategisk ledelse av frivillige.

19. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjoner

- 19.1. Samarbeidet mellom Den norske kirke og organisasjonene i lys av målene for kirkelig undervisning og læring må fortsatt styrkes.

20. Forskning, evaluering og fagutvikling

- 20.1. Det bør fortsatt satses på forskning på kirkelig undervisning og læring, i rammen av en helhetlig kirkelig FOUI-strategi.

Eventuelt øvrige kommentarer til del 2

Eventuelle kommentarer til del 2: organisatoriske rammer

Skriv her

Til spørsmål 13.2: Uenig. Ein argumenterer eigentleg her for meir rapportering – etter tidlegare å ha argumentert for forenkling av rapportering (mindre rapportering). Det er ikkje konsistent.

Til spørsmål 13.3: Uenig. Her er rapporten sin tilrådingar ikkje heilt konsistent. Ein snakkar mykje i rapporten om å overlata meir til det lokale, medan ein her vil gjere ting obligatorisk.

Det kjem altså ikkje klart fram om ein vil ha meir styring ovafrå eller ikkje (jf 6.1). Heilskapleg kyrkjelydsplan kan vere ei god støtte i planlegging og



gjennomføring av arbeidet lokalt – men det kan også vere eit styrings- og rapporteringsverktøy som kan formatere lokalt arbeid etter nasjonale føringar og risikera å skapa mindre lokalt handlingsrom.

Til spørsmål 14.1: Enig. Det er avgjerande for å lykkast med utviklinga av reforma at ein held ved lag satsinga og øyremarker pengane til det dei skal.

Til spørsmål 14.2: Uenig. Rettferdig fordeling av midlar er eit komplisert spørsmål, og har involvert demokratiske prosessar mellom sokna/bispedømet i utrullinga av reforma. Det er viktig at ein ikkje ser bort frå den lærdom som allereie er skjedd ved desse prosessane, og at ein ikkje lagar eit nytt system som ikkje tek opp i seg lokale forskjellar og tilhøve ved eventuell ny gjennomgang.

Til spørsmål 14.3: Uenig. Trusopplæringsmidlar er årleg ferskvare, og skal gå til å gi tilbod til barn og unge lokalt ut frå planen som er lagt. Der ein ikkje har nytta alle pengane lokalt er det hovudsakleg fordi ein ikkje gjer det ein har planlagt, og årsaka er vanlegvis vakanse/sjukmelding el. Andre grunnar kan vere at dei som skal disponere pengane ikkje får økonomirapportar, og difor ikkje har oversikt slik at ein får kjøpt inn nødvendig utstyr eller utdelingsmateriell, men i det høvet vert ikkje summene så store. Det er viktig at det vert sett inn vikarar og at ein får folk inn i stillingane, eller leiger inn nokon for å gi eit opplæringstilbod ved vakanse. Det skal slik sett ikkje bli eit mindreforbruk. Dersom kyrkjelydar har vakanse over tid og byggjer opp fond på bekostning av å utføre det dei har planlagt av trusopplæringstiltak fell eigentleg grunnen til å gi tilskot bort. Ein har like mykje pengar å nytte i år, sjølv om ein ikkje nytta fullt ut tilskotet i fjor. Og pengar som kjem tilbake til bispedøma vert nytta til aktivitetar som kan tene kyrkjelydane og det lokale arbeidet: Det kan vere tilbod om kurs/ læringsfelleskap for tilsette, fellestiltak, og utlysingar der kyrkjelydar kan søkje om prosjektmidlar. Så pengane blir ikkje borte, men blir nytta til beste for heilskapen i trusopplæringa.

Til spørsmål 14.4: Enig. Er ein påstand som er vanskeleg og skjøne, og difor vanskeleg å svare på. Men det handlar kanskje om at eigne innsamla midlar ikkje skal føre til nedtrekk i løyvingane frå kyrkja – og det er ganske innlysande.

Til spørsmål 14.5: Enig. Midlar vert sendt fellesråd, men det kan vere utfordring i store fellesråd, med fleire einingar, at dei ulike einingane alltid ikkje veit kva dei er tildelt, og at ein omdisponerer og/ eller byggjer opp ulike fond. Det gjer at desse ikkje bidrar i bispedømet ved fellestiltak (sponsa av mindreforbruk) jf det som står over til punkt 14.3 og at dei ved hjelp av mindreforbruk kan byggje opp ein eigen andrelinjestruktur parallelt med fagavdelinga på bispedømet.

Til spørsmål 16.2: Uenig. Det kan hende det er grunn for å sjå på tenesteordningane, men det er ikkje sikkert at det bør vere på grunn av denne



rapporten og høyringa. Det er viktig at tenesteordningane har ein form for stabilitet og er relevante over tid, og at dei ikkje bør reviderast for å passe til ei kvar sak/høyring som kjem opp.

Til spørsmål 16.3: Uenig. Kateket, kyrkjelydspedagog og kyrkjelydsarbeider fungerer godt som titlar til stillingar det er knytt kompetansekrav til, og det er unødvendig med meir standardisering.

Det kan bli ein del namn og titlar dersom ein kyrkjelydspedagog som arbeider i undervisningstenesta i kyrkja, altså er undervisningstilsett innan fagfeltet kyrkjeleg undervisning og læring.

Til spørsmål 17.1.3: Uenig. Ein er ikkje usamd i målet om at bachelor er ynskjeleg, men det er forskjell på ideal og realitet, særleg i små fellesråd – korleis og kven klarer vi rekruttere? Det er viktig med fagkompetanse, og det må vera rom for å sekundært vurdere realkompetanse når det er vanskeleg å få rekruttert folk med nok studiepoeng. Mykje kompetanse kjem gjennom arbeidet/samtaler/kurs/samlingar, men det kan til tider vere lurt å formalisere kunnskapen gjennom studiepoeng, og utfordre til vidare utvikling gjennom lesing av forskning og faglitteratur gjerne i form av eit studium.

Krav og system innan dette feltet kan virke formaterande og styrande og må utformast slik at det ikkje hindrar rekruttering.

Til spørsmål 19.1: Samarbeid med organisasjonane er viktig for å lukkast med arbeidet. Organisasjonane har fått mykje midlar til å utvikle materiell/tiltak gjennom utlysingar i trusopplæringsreforma, og det er slik blitt laga mange gode ressursar til arbeidet. Mange stader er det tett samarbeid og felles utvikling av tiltak til nytte og glede for alle parter. I rapporten står det at trusopplæringsreforma har gått på ut over det arbeidet som var frå før. Det er det fleire som meiner, men det treng ikkje vere heilt sant for det. At det blir løyvd midlar til å gjere meir/nå fleire enn det ein gjer frå før, og at ein får nye tilsette til å gjere arbeidet – skulle ikkje nødvendigvis sparke bein under det ein gjorde før. Eit bilete ein har nytta i trusopplæringsreforma er å byggje på huset – det gjer ikkje nødvendigvis at den gamle delen blir dårlegare.

Det er viktig å avklare ansvar, og fordeling mellom lokalkyrkje og organisasjonane ved tiltak. Er det i regi av soknerådet eller ein organisasjon? Er soknerådet eller styret i organisasjonen ansvarleg? Er det del av ein plan underlagt soknerådet (trusopplæringsplan), eller er det i regi av ein barne- og ungdomsorganisasjon og deira demokratiske struktur?

Til spørsmål 20.1: Vidare forskning er viktig, men enda viktigare er å nyttiggjere den forskning og utvikling som allereie har skjedd gjennom meir vekt på forskingsformidling. Det er mykje læring og kunnskap som ikkje kjem rette vedkommande i hende i passelege porsjonar. Forskings- og utviklingsbiten i trusopplæringsreforma er ein av dei viktigaste faktorar for det som lukkast.



DEN NORSKE KIRKE

Kirkerådet

Vi vil takke for mange nyttige og gode innspel i rapporten. At ein her har løfta fram ting som kan problematiserast i rapporten og som det kan vere ulike syn på, er fordi fagfeltet fortener grundige meiningsbrytingar og faglege innspel for at vi skal lukkast best mogleg med prosjektet trusopplæring.